

Brukerutvalgsmøte

Dato: 23.02.2026 10:00 - 14:00

Sted: Microsoft Teams-møte

Deltakere: 'hanne.haavde.stenseth@pasientogbrukerombudet.no'; Aske, Bjørn; Aske, Bjørn Johan; Borhaug, Sandra Vanessa Zuñiga; Eliassen, Nina Kristine Røe; Espen Myrvåg; Giske, Asle John; Hagerup, Vidar; Heidi Anita Johansen; Honningsvåg, Lasse Alexander Olsen; Jacobsen, Solveig; Johansen, Heidi Anita; Kjell Ove Salen; Lasse Alexander Olsen Honningsvåg; Lødemel, Olav Terje; Løvoll, Ottar Jan; Myrvåg, Espen; Nina Kristine Røe Eliassen; Ottar Jan Løvoll; Salen, Kjell Ove; Sandra Vanessa Zuñiga Borhaug; Solveig Jacobsen; Spjelkavik, Randi; Svanemslisli, Evy; Voksø, Tore

1. 10/26 Godkjenning av innkalling og saksliste

Ansvarlig: Løvoll, Ottar Jan

Beskrivelse

Godkjenning av innkalling og saksliste

Oppsummering

Det vart orientert om at enkelte saker måtte flyttast grunna eksterne innleiarar som kom inn seinare (m.a. direktør og økonomidirektør). Fleire deltakarar opplevde lydproblem i starten; dette vart løyst etter kvart.

Teknisk informasjon om bruk av Teams vart gitt av kvalitetssjef Vidar Hagerup.

Beslutning

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og saksliste

Vedlegg

- [2026-02-23 - Saksliste og kjøreplan Brukerutvalgsmøte HMR.pdf](#)

2. 11/26 Orientering frå administrerende direktør

Ansvarlig: Lødemel, Olav Terje

Beskrivelse

Administrerende direktør Olav Lødemel orienterte om større strukturelle og økonomiske utfordringer.

Oppsummering

- Hovedpunkter Administrerende direktør gjekk igjennom: **Topp 10-risiko** vart presentert, inkludert: **Reaksjon fra brukerutvalget:**
 - Brukerutvalget ønskjer å bli halde orientert om risikostyringa framover.

Beslutning

Brukarutvalet ber om at omstilling ikkje må gå utover pasientbehandlinga. Brukarutvalet vil følgje opp saka vidare framover.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til vitande.

3. 12/26 Status økonomi

Ansvarlig: Myhre, Randi

Beskrivelse

Økonomidirektør Randi Myhre orienterte om status økonomi

Oppsummering

Resultat januar 2026:

- –7,3 millioner meir i underskot enn budsjettert.
- Aktiviteten er noko lågare enn planlagt.
- Inntektssvikt på fleire område, mellom anna ISF og utskrivningsklare pasientar.
- Det manglar tiltak for 120 millionar i budsjettet for 2026.
- Tiltaksoppgåving per januar: 56 %.
- Prognosen blir førebels halden oppe, men blir vurdert på nytt etter februar

Bekymringer:

- Strukturelle tiltak framover er uunngåelege.
- Brukarutvalet uttrykte sterk uro for konsekvensar for pasienttryggleik og tenestetilbod.

Beslutning

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek saka til vitande

Vedlegg

- [2026-02-23 - Presentasjon - Status økonomi.pdf](#)

4. 13/26 Status pasientbehandling, ventetider og fristbrot

Ansvarlig: Søgaard, Erik Ganesh Iyer

Beskrivelse

Fagdirektør Erik G I Søgaard orienterte om status pasientbehandling, ventetider og fristbrot

Oppsummering

Ventetider:

- Ventetid avslutta somatikk: 75 dagar (mål: 61).

- Ventetid for ventande: framleis for høg innan fleire fagområde.
- BUP har dei største utfordringane (40 dagar bak skjema).

Årsaker:

- Manglande kapasitet.
- Variasjon i handtering av pasientflyt.
- Forsinkingar etter innføring av Helseplattformen.
- Prioritering av akutte og medisinsk alvorlege pasientar.

Tiltak:

- Ekstra poliklinikkar og kveldsøker.
- Reduksjon i kontrollpasientar.
- Overføring av pasientar mellom sjukehus (Kristiansund, Gjelset, Volda).
- Arbeid med behovsstyrt pasientflyt er i gang.

Diskusjon:

- Pasientombodet Hanne Haavde Stenseth etterlyste oversikt over interne ventetider etter første vurdering.
- Fagdirektøren greidde ut om nye krav til registrering av tid til tenestestart og tid til operasjon.

Beslutning

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek saka til vitande

Vedlegg

- [2026-02-23 - Presentasjon - Ventetider og fristbrudd.pdf](#)

5. 14/26 Presentasjon av Samhandlingsprosjektet "SamOpp"

Ansvarlig: Arnestad, Unni Irene

Beskrivelse

Prosjektleiar Kathrin Skrede Mortveit og Prosjektstøtte Unni Iren Arnestad orienterte om prosjektet SamOpp

Oppsummering

Mål:

- Realisere gevinstane ved at kommunar og føretak er på same journalsystem.
- Skape betre heilskaplege pasientforløp for sårbare pasientgrupper.

Arbeidsmetoder:

- 29 semistrukturerte intervju med tilsette og leiarar.
- Simuleringar av pasientforløp frå heim → fastlege → akuttmottak → sjukehus → heim.
- Til saman 79 konkrete forbetringpunkt.

Hovedfunn:

- Behov for betre struktur i dokumentasjon.
- Variasjon i retningslinjer og praksis mellom nivåa.
- Mangelfull opplæring i funksjonaliteten i Helseplattformen.
- Legevakt manglar tilgang til "Hoppetlink" – det blir tilrådd å rette dette.

Innspel frå brukarutvalet:

- Viktig å arbeide med tillit på tvers av tenester.
- Ønske om at opplæring i EPIC/HP inkluderer pasientforløp som går heile vegen.

Beslutning

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek saka til orientering

Vedlegg

- [2026-02-23 - Presentasjon SamOpp.pdf](#)

6. 15/26 DPS Vegsund - nedlegging av det medikamentfrie tilbodet - korleis ivareta brukarane

Ansvarlig: Molvær, Eirik

Beskrivelse

DPS Vegsund v/avdelingssjef Eirik Molvær orienterte om saka

Oppsummering

Bakgrunn:

- Klinikken må spare 10 millionar i 2026.
- Dagtilbodet som tidlegare erstatta døgnposten, må no avviklast heilt.
- Om lag 25 pasientar årleg blir råka.

Konsekvenser:

- Pasientane vil framleis få forsvarleg, men noko redusert kvalitet på behandlinga.
- Meir poliklinisk oppfølging.
- Behandling blir flytta til andre etablerte modellar (DBT, STAPS, traumeteam osv.).

Drøfting:

- Pasientombodet Hanne Haavde Stenseth uttrykte uro for tap av eit heilskapleg tilbod.
- Utvalet drøfta kor viktig det er å bevare medikamentfrie alternativ.
- Eirik Molvær understreka at tilbodet ikkje var retta mot psykosepasientar, men mot behandlingsresistent personlegdomsproblematikk.

Beslutning

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek saka til vitande men er bekymra over at dette tilbodet blir lagt ned.

7. 16/26 Pasientreiser - Nye retningslinjer

Ansvarlig: Austdal, Marita Iren Drønnen

Beskrivelse

Orienterte om endringar i satsar som gjeld frå 01.01.26:

- Kilometergodtgjersle: kr 3,20 per km
- Kostgodtgjersle: kr 284,-
- Overnattingsgodtgjersle: kr 734,-
- Tappt arbeidsinntekt ved yrkesskade
- Reiseleiar si rett til å få dekt dokumentert tappt arbeidsinntekt
- Reiseleiar si rett til dekning av dokumenterte nødvendige utgifter
- Tappt arbeidsinntekt for politi
- Egenandel er uendra

Viktige presiseringar:

- Pasientreiser er ei støtteordning, ikkje ei full kostnadsdekning.
- Reiser under 10 km gir normalt ikkje rett til støtte.
- Reiser innanfor éi takstsone i kollektivtransport blir ikkje dekket.
- Medisinsk behov for ledsagar må dokumenterast.

Oppsummering

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til vitande

Vedlegg

- [2026-02-23 - Presentasjon - Pasientreiser.pdf](#)

8. Lunsj

9. 17/26 Orienteringssaker

Ansvarlig: Løvoll, Ottar Jan

Beskrivelse

- Deltaking på Landskonferanse om Heimesjukehus 22 - 23.04.26.
- Innspel til oppstart av artroseskule på sjukehuset i Volda
- Invitasjon til innovasjonsprosjekt klagesakshandtering HMR
- Invitasjon til innovasjonsprosjekt Krisepakke - tilbod om behandlingsopplegg for pasientar i krise med sjølvmonds- og sjølvskadingsproblematikk
- Invitasjon til innovasjonsprosjekt - tilbod kor logoped og øre, neste, hals-lege samarbeider om undersøkelse, vurdering og igangsetting av tiltak til personar med svelgvanskar hos Ålesund sjukehus.
- Invitasjon til innovasjonsprosjekt innføring av EEG spektrografi på operasjonsstuene for å måle søvndybde hos pasientar i narkose
- Regional forskningskonferanse 11-12.03.26
- Invitasjon til ortopedisk forskningsprosjekt på bedøvelse ved innsettelse av kneproteser
- Oversikt råd og utval

- Protokoll RBU 04.02.26.
- Protokoll brukerutvalget HNT 12.02.26.
- Protokoll foretaksmøte Helse Møre og Romsdal 13.02.26.
- Årsrapport 2025 BU Helseplattformen
- Ottar Jan Løvoll og Nina Kristin Eliassen deltek i styremøtet 25.02.26.

Oppsummering

- Deltakelse på Landskonferanse om Heimesjukehus 22 - 23.04.26. -
- Innspill til oppstart av artroseskule på sjukehuset i Volda
 - **Brakerutvalget HMR vil gi si fulle støtte til oppretting av artroseskule ved Volda sjukehus. Tiltaket vil gi eit godt tilbud til pasienten, med reduserte smerter, få bedre funksjon i ledd og auka livskvalitet. Brukarutvalget vil gjerne at tilbodet må vere individuelt tilpassa behandlingsprogram som inkluderar tilpassa trening hos fysioterapeut. Og at praktiske råd og tiltak du sjølv kan gjere vil og vere viktig**
- Invitasjon til innovasjonsprosjekt klagesakshandtering HMR
 - **Sandra Borhaug stiller**
- Invitasjon til innovasjonsprosjekt Krisepakke - tilbod om behandlingsopplegg for pasientar i krise med sjølvmonds- og sjølvskadingsproblematikk
 - **Lasse Honningsvåg stiller**
- Invitasjon til innovasjonsprosjekt - tilbod kor logoped og øre-neste-hals lege samarbeider om undersøkelse, vurdering og igangsetting av tiltak til personar med svelgvanskar ved Ålesund sjukehus.
 - **Nina Eliassen stiller**
- Invitasjon til innovasjonsprosjekt innføring av EEG spektrografi på operasjonsstuene for å måle søvndybde hos pasientar i narkose
- Regional forskningskonferanse 11-12.03.26
 - **Leiar og nestleiar er invitert**
- Invitasjon til ortopedisk forskningsprosjekt på bedøvelse ved innsetting av kneproteser
 - **Tore Voksø stiller**
- Ottar Jan Løvoll og Nina Kristin Eliassen deltek i styremøtet 25.02.26.

Beslutning

Brakarutvalet tek saka til godkjenning

Vedlegg

- [Protokoll RBU 04.02.26.pdf](#)
- [Protokoll HNTs brukerutvalg 12.02.2026.pdf](#)
- [Artroseskule Volda sjukehus.pdf](#)
- [Signert Protokoll foretaksmøte Helse Møre og Romsdal HF 13.02.26.pdf](#)
- [Brukerrepresentasjon i råd og utvalg.pdf](#)
- [2026-02-23 - Årsrapport-2025-helseplattformens-brukerutvalg.pdf](#)
- [Hjemmesykehus - Landskonferansen 2026 - program](#)

10. 18/26 Læring og mestringssenteret

Ansvarlig: Solem, Astrid Ljøkjell

Beskrivelse

Rådgiver Astrid Ljøkjell og rådgiver Camilla Kleppe Eidså frå Læring og meistringssenteret gjekk igjennom presentasjon som er vedlagt

Oppsummering

LMS' hovedoppgåver:

- Pasient- og pårørandeopplæring.
- Helsepedagogisk kompetanseheving for ansatte.
- Samval og brukarrepresentasjon.
- Drift av «Mons Brukerstasjon».
- Utvikling av standardiserte kurs og digitale verktøy (bl.a. animasjon, VR).

Tema i diskusjonen:

- Brukarutvalgets rolle i å sikre opplæring og meistringsressurser.
- Behov for at tjenester endres når helsetenesten går frå døgn til dagbehandling.
- Betydning av samarbeid med kommunene.

Beslutning

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til orientering

Vedlegg

- [2026-02-23 - Presentasjon Læring og meistringssenteret.pdf](#)
- [2026-02-23 - Overordnet retningslinjer for pasient- og pårørandeopplæring \(PPO\).pdf](#)

11. 19/26 Handlingsplan 2026-2027

Ansvarlig: Løvoll, Ottar Jan

Beskrivelse

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF gjekk igjennom Handlingsplan 2026-2027.

Oppsummering

- Brukarutvalet ynskjer å redusere frå 16 punkt til eit mindre antall prioriterte punkter.
- Forslag til kjerneområder:
- Psykisk helse og rus.
- Ventetider.
- E-helse og kunstig intelligens.
- Samhandling og helsefellesskap.
- Enigheit om å ta planen opp igjen i neste møte og jobbe meir strukturert.
- Alle organisasjoner i BU bes om å gi innspill.

Beslutning

Handlingsplan vil settes opp i neste brukarutvalsmøte 23.03.26.

Alle brukarutvalgsmedlemmar oppfordres til å ta kontakt med sine organisasjoner for å få innspill til handlingsplan 2026-2027, i forkant av neste brukarutvalgsmøte 23.03.26.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek saka til vitande

Vedlegg

- [Handlingsplan BU HMR 2026-2027 - revidert 230226.docx](#)

12. 20/26 Valg av brukarrepresentantar i klinikkråd HMR og Samarbeidsutvalg

Ansvarlig: Løvoll, Ottar Jan

Beskrivelse

Valg av brukarrepresentantar i følgende klinikkråd, samarbeidsutvalg m.m.

1. Kvalitetsråd Klinikk for kreftbehandling og rehabilitering (vara møter fast)
2. Kvalitetsråd Klinikk for prehospitale tenester
3. Kvalitetsråd Klinikk for diagnostikk
4. Kvalitetsråd Klinikk for Ålesund sjukehus
5. Kvalitetsråd Klinikk for Volda sjukehus (04.03.24)
6. Kvalitetsråd Klinikk for drift og eigedom
7. Kvalitetsråd Klinikk for psykisk helse og rus (04.03.24)
8. Kvalitetsråd Klinikk for sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR)
9. Faglig samarbeidsutval for akuttmedisinsk kjede og helseberedskap
10. Faglig samarbeidsutval for kronisk multisjuka og skrøplege eldre
11. Faglig samarbeidsutval for psykisk helse og rus
12. Faglig samarbeidsutval for svangerskaps-, fødsels-, og barselomsorg
13. Lokalt samhandlingsutval SNR
14. Faglig samarbeidsutval for behandlarsamarbeid og samarbeidsordning for spesialisthelsetenesta og fastlegane
15. Lokalt samhandlingsutval Ålesund
16. Faglig samarbeidsutval for barn og unge
17. Kvalitets og pasientsikkerhetsutvalget HMR (KPU)
18. Lokalt samhandlingsutvalg (LSU) Volda
19. Strategisk samhandlingsutvalg (SSU) (Alltid leiar i brukarutvalet)
20. Valg av brukarrepresentant til årsmøte i ortopedisk forskningsgruppe HMR
21. Helsefellesskapet
22. KEK (klinisk etisk komite)
23. Det lokale samarbeidsorganet LSO -
24. Brukarutvalg Luftambulansetjenesten -

Beslutning

1. Kvalitetsråd Klinikk for kreftbehandling og rehabilitering (vara møter fast) - **Janne Endresen og Ann Helen Skare fortsetter**
2. Kvalitetsråd Klinikk for prehospitale tenester - **Solveig Jacobsen og Nina Kristin Røe Eliassen som vara**
3. Kvalitetsråd Klinikk for diagnostikk - **Heidi Anita Johansen**

4. Kvalitetsråd Klinikk for Ålesund sjukehus - **Sandra Borhaug og Lasse Honningsvåg som vara**
5. Kvalitetsråd Klinikk for Volda sjukehus (04.03.24) **Ottar Løvoll og Janne Endresen som vara**
6. Kvalitetsråd Klinikk for drift og eigedom - **Kjell Ove Salen og Sandra Borhaug som vara**
7. Kvalitetsråd Klinikk for psykisk helse og rus (04.03.24) - **Sandra Borhaug og Lasse Honningsvåg som vara**
8. Kvalitetsråd Klinikk for sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR) - **Solveig Jacobsen og Evy Svanemslisli som vara**
9. Faglig samarbeidsutval for akuttmedisinsk kjede og helseberedskap -
10. Faglig samarbeidsutval for kronisk multisjuka og skrøplege eldre -
11. Faglig samarbeidsutval for psykisk helse og rus - **Lasse Honningsvåg og Elisabeth Ramstad som vara**
12. Faglig samarbeidsutval for svangerskaps-, fødsels-, og barselomsorg -
13. Lokalt samhandlingsutval SNR -
14. Faglig samarbeidsutval for behandlarsamarbeid og samarbeidsordning for spesialisthelsetenesta og fastlegane -
15. Lokalt samhandlingsutval Ålesund -
16. Faglig samarbeidsutval for barn og unge - **Lasse Honningsvåg**
17. Kvalitets- og pasientsikkerhetsutvalget (KPU) - **Ottar Løvoll og Sandra Borhaug**
18. Lokalt samhandlingsutvalg (LSU) Volda - **Janne Endresen og Ottar Jan Løvoll stiller som vara ved fravær**
19. Strategisk samhandlingsutvalg (SSU) (Alltid leiar i brukarutvalet) - **Ottar Løvoll og Sandra Borhaug stiller som vara**
20. Valg av brukerrepresentant til årsmøte i ortopedisk forskningsgruppe HMR - **Tore Voksø stiller**
21. Helsefellesskapet - **Ottar Jan Løvoll**
22. KEK (Klinisk etisk komite) -
23. Det lokale samarbeidsorganet LSO -
24. Brukarutvalg Luftambulansetjenesten -

Det vil bli utarbeidd eit informasjonsskriv av kvalitetssjef Vidar Hagerup som forklarar kva eit kvalitetsråd og eit samhandlingsutval er, korleis møta blir gjennomførte og kva dei omfattar. Skrivet blir sendt ut til Brukarutvalet.

Saka blir teke opp igjen i neste møte, der brukarrepresentantar skal veljast inn i dei råda og utvala som står att.

13. 21/26 Eventuelt

Ansvarlig: Løvoll, Ottar Jan

Beskrivelse

- Informasjon om felles chat i teams for brukarrepresentantar Teams-gruppen «Brukarutvalget» skal brukast som felles kommunikasjonskanal. Ekstra Messenger-gruppe anbefales ikkje pga. informasjonssikkerheit.
- Henvendelse frå Momentum MidtUtvalet vurderte at dette faller utanfor Brukarutvalet sitt mandat. Enigheit om å videresende saken til: Handikapforbundet og Lærings- og mestringssenteret
- Kvalitetssjef Vidar Hagerup holdt åpen halvtime etter møtet for spørsmål om reiserekning og spørsmål rundt andre tekniske utfordringar.

Oppsummering

Brukarutvalet tek saka til godkjenning

Vedlegg

- [Henvendelse fra Momentum Midt.pdf](#)